

Årsmelding 2004 – fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket er eit service- og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket. Fylkesbiblioteket samarbeider med kommunane om mobil bibliotekteneste og gir folkebiblioteka i fylket råd og hjelp blant anna om nye biblioteklokale og IT-spørsmål og arrangerar kurs og møte for bibliotektilsette.

IKT

Effektivisering

I 2004 blei fylkesbiblioteket knytt til det fylkeskommunale nettet, og fekk tilgang til dei same program og tenester som andre tilsette i fylkeskommunen. Dette, saman med ein del nytt utstyr, har letta arbeidet.

I 2004 blei bibliofil-serveren flytta fysisk til Hermannsverk. Dette gjorde at fylkesbiblioteket kunne seie opp dyre sambandsabonnement.

Samarbeid med kommunane og andre

Fylkebiblioteket brukar biblioteksystemet Bibliofil og har felles database med Førde bibliotek. Vi tilbyr også plass på bibliofil-serveren til andre bibliotek i fylket, og no har fem grunnskular og fem vidaregåande skular Bibliofil biblioteksystem på vår server. To av dei vidaregåande skulane kom til i 2004, etter at fylkesbiblioteket sende ut tilbod om dette til biblioteka som ikkje alt hadde slikt biblioteksystem.

Fylkesbiblioteket har også web-hotell for biblioteka i Leikanger, Aurland, Bremanger og Gaular. Desse 4 biblioteka får då lagt basen sin søkbar ut på nett, og Aurland og Gaular har i tillegg også heimesider på fylkesbibliotekets server.

Fylkesbiblioteket har laga og vedlikeheld nettsider for *Den kulturelle skulesekken* i Sogn og Fjordane, i tillegg til å ha eigne nettsider med informasjon og tenester for bibliotek og skular i fylket.

Prosjekt

Prosjektet *Bokbussen hentar inn fortida : eit digitalt fotoprosjekt i Sogn og Fjordane*, blei avslutta i 2004. I dette samarbeidsprosjektet med fylkesarkivet har vi fått inn mange gamle foto til fotobasen.

Fylkesbiblioteket held fram med prosjektet *Fjognedok, ein lokalhistorisk database*. Prosjektet går ut på å analysere og indeksere lokalhistoriske tidsskrift, sogeskrift, årbøker m.m.

Kurs/møte

IT

Fylkesbiblioteket arrangerte i samarbeid med opplæringsavdelinga eit kurs i avansert nettsøk. Kursleiarar var tilsette frå Vestfold fylkesbibliotek. Kurset hadde 43 deltakarar frå bibliotek og vidaregåande skular, og vart svært godt mottatt.

Bibliotekdagane

I 2004 var det årlege møtet for bibliotekpersonalet lagt til Bergen i dagane 28.-29. september i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek. Tema på møtet var mellom anna vestlandssamarbeid innan bibliotek- og kultursektoren. Elles sto litteraturformidling på agendaen Det møtte 75 deltakarar. Møtet var vellukka og det kan verte fleire slike fellessamlingar i framtida.

Møte om nye barne- og ungdomsbøker

Møtet er eit samarbeid med IBBY Norge Barnebokforum som stiller med dyktige formidlarar. I år vart det møte i Førde og Sogndal og i alt deltok 82 personar

Nettverksmøte

Hausten 2004 initierte fylkesbiblioteket regionsamarbeid mellom folkebiblioteka i Nordfjord, Sunnfjord/Ytre Sogn og Indre Sogn. Tema frå dei første møta var Litteraturformidling og IT-

samarbeid. Fylkesbiblioteket vil følgje opp nettverka og kallar inn til nye møte. Fylkesbiblioteket vil arbeide vidare med utspela på møtet; har greidd ut modellar for samarbeidsmodellar på IT-sida og hatt møte med Forfattarsentrum og Folkeakademiet for å finne ein modell for forfattarturnear. Fylkesbiblioteket vil koordinere arbeidet i nettverka vidare i 2005

Planleggingsmøte

Fylkesbiblioteket har deltatt i planlegginga av bibliotektenestene i den nye Trivselshagen på Sandane.

Volontørteneste

I 2004 fekk vi ein ny volontør . Andra Lujic kom til fylket i oktober 2004 og skal vere ut juni 2005. Andrea er 23 år kjem frå Slovenia og har utdanning innan språk. Volontørtenesta er eit samarbeid med Fjaler bibliotek og UWC.

Fjernlån

Fjernlån er eit nettverk med andre bibliotek i heile Noreg og Norden, og skular og andre institusjonar. Gjennom fjernlånsnettverket kan dei enkelte biblioteka få tilgang til litteratur dei ikkje eig sjølve. Fylkesbiblioteket mottok 4 704 tingingar til fylkesbiblioteket i 2004 . Til saman vart det formidla 5 563 media.

Det vart lånt ut 2779 bøker som klassesett til skulane i fylket. Det er ein nedgang frå 2003 på ca 15% . Tidlegare har auken vore på 50%, så nedgangen var ikkje uventa.

Den kulturelle skulesekken

Fylkesbiblioteket samarbeida i 2004 med Den kulturelle skulesekken i fylkeskommunen ved å arrangere forfattarturnear til skulane i fylket og kulturprogrammet på bokbåten.

Mobil bibliotekteneste

Bokbåten

Bokbåten er eit samarbeid med fylkesbiblioteka i Hordaland og Møre og Romsdal og 13 kommunar i Sogn og Fjordane. Bokbåten hadde som vanleg to turar, ein om vinteren og ein om hausten. Bokbåten "Epos" var som vanleg populær og det var til saman 2474 personar om bord, 1942 personar var på kulturprogrammet.

Det var lånt ut 19 773 bøker og lydbøker frå bokbåten og vel halvparten var barnebøker. Kulturprogrammet på vinterturen var Christin Grilstad Prøis med førestillinga "Hexagon". På hausturen underhaldt Helge Sveen og Roger Hilleren med "Ha det på badet".

Bokbåten vart igjen truga av nedlegging:

I FU sak 126/04 var det lagt opp til å avvikle bokbåten. I slutthandsaminga av budsjett for 2005 vedtok FT (Sak 46/04) følgjande:

"Fylkestinget har som mål å oppretthalde tenestetilbodet som bokbåten i dag dekker. Hovudutval for kultur blir oppmoda om å kome tilbake til dette i eiga sak slik at dette kan innarbeidast i budsjettet for 2006."

Bokbussen

Fylkesbiblioteket driv bokbuss i samarbeid med 8 kommunar. I 2004 har to av kommunane, Askvoll og Flora, sagt opp samarbeidsavtalen. Grunngjevinga er därleg økonomi. Bokbusstopp er i hovudsak ved skular og barnehagar, og 2/3 av utlånet er til barn og unge. Til saman vart det lånt ut 13925 bøker, lydbøker og musikk cd'ar. Det er ei lita auke i høve til utlånet i 2003. Når to av kommunane slutta å bruke bokbussen frå sommaren, må vi seie at det var eit svært godt utlån i 2004.